



MØTEBOK REPRESENTANTSKAPSMØTE 2023

Representantskapsmøtet vart halde den 29.03.23 på klubbhuset LIL-tun, Langevåg IL i Sula kommune. Innkallinga vart sendt representantskapet med vara den 23.01.23, og sakslista med saker 03.03.23 (sakpapir i digital lenke). Nokre vedlegg vart oppdaterte i lenka etter utsending.

Før representantskapsmøtet var det omvising i friluftsområde Vasset friluftsliv- og idrettspark ved Langevåg stadion. Der sørger einingsleiar kultur Ingunn Krosby i Sula kommune og Vegard Eikrem, dagleg leiar i Langevåg idrettslag for ei god omvising og orientering om arbeidet med opparbeiding av idrettsparken, friluftsområdet og stiane i kring.

Tilbake i møtelokalet ønska ordførar Jim Arve Røssevoll representantskapet velkomne til Sula, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet deira.

Før sjølve representantskapsmøtet starta, orienterte dagleg leiar og Inger Bakke i friluftsrådet om uteleikprosjektet Slå på ringen som omfattar alle medlemskommunane våre.

Desse møtte på representantskapsmøtet 2023:

Kvar deltakarkommune har valt to representantar med vara for kommunevalperioden. Desse møtte:

Kommune	Møtte representantar i representantskapet for Sunnmøre friluftsråd
Fjord	Palma Flåen Øvrebust
Fjord	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Giske	Hanne Roaldsnes (vara for Erlend G. Holm)
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Bernt Brandal
Hareid	Hege Holstad
Herøy	Karl-Petter Sortehaug
Herøy	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Sande	Olav Myklebust
Sande	Camilla Auflem Vik
Stranda	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Stranda	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Sula	Trygve Holm
Sykkylven	Sveinung Vemøy
Sykkylven	Anne Kari Aamodt
Ulstein	Arild Støylen

Ulstein	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Vanylven	Ottar Jan Løvoll (vara for Lena Landsverk Sande)
Vanylven	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Vestnes	Martin Kjøpstad
Vestnes	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Volda	Tollak Mikal Kaldheim
Volda	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Ørsta	Per Ivar Lied
Ørsta	Ingvild Endal
Ålesund	Kari Grindvik (vara for Cine F. Austnes)
Ålesund	Geir Ove Leite

Sitjande styre i Sunnmøre friluftsråd:

Kommune	Styremedlemmar
Fjord	Eva Hove - styreleiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide – nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje (<i>er også delegat rep.skap</i>)
Hareid	Annika Brandal
Herøy	(forfall)
Stranda	(forfall)
Sande	(forfall)
Sula	Nils Erik Bjørkavåg (<i>er også delegat rep.skap</i>)
Sykkylven	Trond Bonesmo
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	(forfall)
Volda	Ola Einang
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen, Janet Roelofs, Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes

Valkomitéen for 2023:

Valkomité	Namn
Leiar	Modolf Hareide (Ålesund)
Medlem	(forfall Lena Landsverk Sande (Vanylven))
Medlem	Martin Kjøpstad (Vestnes) (<i>også delegat rep.skap</i>)

Andre inviterte:

- Ordførar Jim Arve Røssevoll og einingsleiar kultur Ingunn Krosby i Sula (deltok i starten av møtet)
- Vegard Eikrem, dagleg leiar Langevåg idrettslag (deltok i starten av møtet)
- Dagleg leiar Anne B. Støyva Emblem og prosjektleiar Inger Bakke frå staben i friluftsrådet

Representantskapsmøtet vart sett med 20 røysteføre delegatar.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for representantskapet 2023.

Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka

Representantskapsmøtet foreslo representantane Kari Grindvik og Nils Erik Bjørkavåg til å skrive under møteboka, dagleg leiar som sekretær, og styreleiar som ordstyrar.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet vel styreleiar Eva Hove som ordstyrar og dagleg leiar Støyva Emblem som sekretær, og Kari Grindvik og Nils Erik Bjørkavåg til å skrive under møteboka.

Sak 3: Årsrapport 2022

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrapporten til Sunnmøre friluftsråd for 2022.

Årsrapporten skal sendast kommunane som referatsak.

Sak 4: Årsrekneskap 2023

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner den revisorgodkjente rekneskapen for 2022.

Sak 5: Medlemskontingent for 2024

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingenten for 2024 vert sett til kr. 20,66 per innbyggjar.

Sak 6: Markering av 50-årsjubileet til Sunnmøre friluftsråd i 2024

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet ber styret førebu arrangement i 2024 for å markere 50-årsjubileumet til Sunnmøre friluftsråd. Arrangementa skal vere opne og invitere til brei deltaking. Det vert sett av midlar i budsjettet til markeringane.

Sak 7: Andre innkomne saker - styremedlem Friluftsrådenes Landsforbund

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Sunnmøre friluftsråd meiner Vebjørn Krogsæter gjer ein god jobb i styret for Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og ber valkomiteen om at han fortset som styremedlem og leiar.

Sak 8: Handlingsplan 2023-2025 med arbeidsplan for 2023

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd 2023-25 med arbeidsplan for 2023.

Sak 9: Årsbudsjett 2023

Samrøystes vedtak:

- 1. Representantskapet godkjenner årsbudsjettet for 2023.***
- 2. Representantskapet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.***

Sak 10: Val

Samrøystes vedtak:

Kommune	Styremedlemmar	Vararepresentantar	Valperiode
Fjord	Eva Hove	Andreas Håvoll	2022-2024
Hareid	Annika Brandal	Bernhard Harkjerr	2022-2024
Giske	Jan Ove Skodje	Louise Kristin Haahjem	2022-2024
Sande	Sindre Slettestøl	Anders Bringsvor	2022-2024
Sykkylven	Trond Bonesmo	Eva Eline Tandstad	2022-2024
Ulstein	Berit Sandvik Skeide	Magnar Taklo	2022-2024
Vanylven	John Willy Klungre	Lilli Ann Bakkebø	2022-2024
Volda	Ola Einang	Annlaug Stokke	2022-2024
Ørsta	Karen Høydal	Stein Aam	2022-2024
Ålesund*	Jarle Hauge Steffensen (gjenväl)	Anders Lindbeck (gjenväl)	2021-2024
Ålesund*	Janet Roelofs (gjenväl)	Nora M. Farstad (gjenväl)	2021-2024
Ålesund*	Thea Elise Vestre Aasen (gjenväl)	Ewa Hildre (gjenväl)	2021-2024
Herøy	Linn-T. Hansen Sævik (gjenväl)	Sigurd Nygard (gjenväl)	2023-2025
Stranda	Petter Hjørungdal (ny)	Bodil Lie (gjenväl)	2023-2025
Sula	Nils Erik Bjørkavåg (gjenväl)	Karoline A. Slinning (gjenväl)	2023-2025
Vestnes	Jon Kåre Osdal (gjenväl)	Sissel Vik Vasseli (ny)	2023-2025
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes (gjenväl)	Hilde Ellingsæter (ny)	2023-2025

Styremedlemmar markerte i grått var ikkje på val i år.

Namn på styremedlemmar på val (gjenväl eller nye) er meldt inn frå kvar av kommunane.

*Ålesund forlenger styremedlemmane eitt år grunna kommunedelinga, nyval jan/feb. 2024.

Modolf Hareide la fram innstillinga frå valnemnda for val av leiar, nestleiar og revisor fram til og med representantskapsmøtet mars 2024.

Samrøystes vedtak:

Leiar 2023-2024: *Eva Hove (Fjord) /gjenväl*

Nestleiar 2023-2024: *Berit Sandvik Skeide (Ulstein) /gjenväl*

Revisor 2023-2024: *Møre og Romsdal Revisjon SA /gjenväl*

Sak 11: Val av valnemnd

Samrøystes vedtak:

Representantskapet vel følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:

Leiar: *Lena Landsverk Sande, 2021-2024 (Vanylven)*

Medlem: *Martin Kjøpstad, 2022-2025 (Vestnes)*

Medlem: *Bodil Tronstad Lie 2023-2026 (Stranda)*

Vara: *Bernhard Harkjerr (Hareid) – ny eitt år*

Avslutning av representantskapsmøtet. Styreleiar Eva Hove takka for møtet.

Referent Anne Berit Støyva Emblem

Signering:

Kari Grindvik
representant

Nils Erik Bjørkavåg
representant

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende